



Knut Magne Bjørnestad  
Postboks 26  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/4354 - 23/42972

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
05.06.2023

## Svar på søknad om avkøyrsløse frå kommuneveg - GBNR 316/4 Meland

**Tiltak:** Søknad om avkøyrsløse frå kommunal veg (KV 2136)  
**Byggjestad:** Grasdalsvatnet – Gbnr 316/4  
**Tiltakshavar:** Knut Magne Bjørnestad  
**Ansvarleg søkjar:** Knut Mange Bjørnestad

Saka gjeld søknad om avkøyrsløse til velteplass for tømmer – Gbnr 316/4

### Saksutgreiing:


#### Informasjon om saka:

Det søkast om løyve til å etablere ei avkøyrsløse frå kommunal veg Kv.2136 til velteplass for tømmer. Det er, i dag, ei eksisterande landbruksavkøyrsløse i området. Denne er tenkt oppgradert slik at ein kan køyre inn med større køyretøy for å ta ut tømmer.

#### Vurdering/drøfting:

Det vert søkt om løyve til å etablere avkøyrsløse til velteplass for tømmer. Kommunen har i vedtak 23/44330 gjeve dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for velteplassen. Velteplass og avkøyrsløse skal etablerast i nedslagsfelt til kommunal drikkevasskjelde. Det skal utarbeidast ei plan på korleis ein har tenkt å sikre at drikkevasskjelda ikkje vert forureina av arbeid med tømmer og evt. lekkasjar frå køyretøy og utstyr.

Avkøyrsløseveg skal gå over bekk som har til renning til Hestnesvatnet og til Storavatnet.



### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50  
00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Kommunal veg (KV 2136) har bruksklasse Bk8, der tillat totalvekt er 32 tonn. Maks lengde på køyretøy er 12,4 meter. Det betyr at det vil være begrensninger for kva type køyretøy og utstyr ein kan nytte ved uttak av tømmer.

#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje løyve til avkøyrslar frå kommunal veg på vilkår.

#### **Vedtak:**

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43 med tilhøyrande regelverk at vegmynde skal setje krav til avkøyrslar langs kommunal veg.

#### **Løyve vert gitt på følgjande vilkår:**

- Avkøyrsla skal være opparbeida slik at den stettar tekniske krav til avkøyrslar som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelege regler om bygging og vedlikehald av avkøyrslar frå offentleg veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav om geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkøyrslar og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- På dei to første meterane skal avkøyrsla ha eit jamt fall frå kant kommunal veg på 5 cm. Etter dette skal stigning/fall være maks 1:8.
- Siktsoner skal være etablert ihht til krav gitt i Vegnormal N100. I siktsoner skal ein ikkje ha sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunal vegnivå. Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av andre sikthindringar. Det er viktig at tømmer og utstyr vert plassert i siktsona.
- Svingradius i avkøyrslar vert sett til minimum 4 meter.
- Det skal etablerast snu areal på eigen grunn. Snu arealet skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av utstyr, tømmer med meir. Snu areal skal være tilgjengeleg for køyretøya slik at ein unngår rygging inn i frå og ut i kommunevegen.
- Under avkøyrslar skal det leggjast ned dreneringsrør med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrøret skal være lagt slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.
- Langs kommunal veg skal kommunal grøft oppretthaldast. Grøft skal ha ein bredde på minst 1,5 meter. Grøft skal ha eit jamt fall frå kant kommunal veg og skal være etablert slik at området ikkje innbyr til parkering eller hensetting av bilhengar og anna utstyr.
- Kommunal veg KV 2136 er i Vegliste for trømmertransport registrert med følgjande bruksklasse:  
  
Bk8/32 - tillatt vogntoglengde 12,40. Vegen er ikkje tillete for modulvogntog 1 og 2 med sporingskrav.
- Ei føresetnad for avkøyringsløyve, er at andre nødvendige løyver ligg føre.

**Vedtaket gjev løyve til å knytte seg på kommunal veg. Vedtaket gir ikkje løyve til å etablere avkøyrsla. Søknad om løyve til å bygge avkøyrsla vert gitt etter plan og bygningslova. Søknad om løyve til filtak vert handsama av byggesaksavdelinga.**

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43 med tilhøyrande regelverk at vegmynde skal setje krav avkøyrslar frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler ovanfor eventuelle grunneigarar.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

**Bortfall av løyve**

Er arbeid med avkøyrsla ikkje sett i gong innan 3 år etter løyve er gitt, fell løyve bort, jf. Veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Torkjell Holm Brenna  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Knut Magne Bjørnstad

Postboks 26

5906

FREKHAUG